

# KYRKJEBLADET

66. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 4/2012

**Andakt** Side 3   **Slekters gang** Side 15   **Gudstenesteliste** Side 15 og 16



**Lars Ragnvaldsen**

Side 8 og 9

**Sigrid Nese i Brasil**

Side 10

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00**

**onsdag kl. 11.00-15.00**

**Frå 01.01.2013: Tysdag og onsdag**

**kl. 11.00-14.00**

### Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

### Sekretær Jorunn Våle Tonckens

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: jorunn@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen  
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og

### Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

*Infrmasjon om gudstenester, konfirmanttida  
og Kyrkjebladet finn du på  
[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)*

*Bilete på framsida: kyrkja.no*

## Adventstankar

### Haupt

Klokkevisaren vert stilt imot sommar,  
som om det skulle hjelpe for noko.

Kjem me nærmare sommaren som  
var, av den grunn? Julemarsipanen er  
alt på plass i butikken, før ein har  
plukka shortsene av klesnora ein siste  
gong. Kan dei ikkje tolma seg?

Flakkande utelys mellom våte greiner.  
Lauvet legg seg i haugar på dei same  
stadene som i fjor. Bilen skulle vore  
vaska og bona ein siste gong før vint-  
ren. Ikkje nett enno.

Så held haustvinden pusten ei stund,  
med blå himmel og milde dagar. Ei tid  
med fargespel i lia, jakt på fjellet.  
Båten må på land. Pinnekjøtet må  
tingast hjå Odd'n.

Så er det advent.

Mørkt når ein reiser heim frå arbeid.  
Kanskje litt snø vil hjelpe?

Levande lys. Luciafeiring.

Skulegudstenester i halvmørke  
morgontimar.  
Flygande snøballar mot store boble-  
jakkar.

Små folk i store kjeledressar og  
refleksvestar heng saman i lange  
lekkjer, i vottetrep med dei vaksne.  
Kyrkjeklokkene ringjer på rare  
klokkeslett. Små englar i store  
vinterskor snublar seg inn i prosisjon.  
Storskuleborn på tvers i kyrkjeben-  
kane. Glitrande mobiltelefonar syng  
ilag med orgel og spelemenn.

Det er i grunnen vakkert.

Det er advent.

## Kyrkjebladet ynskjer alle ei god jul.

### Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Tlf. 56 59 39 20

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Björgvin bispedømme si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjevevja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

Wenche Horvei

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,  
5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for  
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 25. februar 2013**

# Å høyre til

I haust var eg i lag med nokre kollegaer på ei reise til Hellas. I ei veke var me på øya Hydra. Ho ligg om lag to timar med båt sør for Aten. Øya er kjend for turistar, og der bur mellom to og tre tusen innbyggjarar. Det vert sagt at det er 365 kyrkjer på øya. Eg er ikkje sikker på om det er rett, men det var mange. Nokre av dei var bitte små. Ingen av dei var opne til vanleg, men ein kunne sjå inn gjennom vindauga. Då såg me at alle kyrkjene hadde eit eller fleire ikon.

Ikon er ein kunstform som er knytt til den ortodokse kyrkja både i Hellas og i Russland. Nokre av dei er svært gamle og ein viktig del av kulturarven. Kan hende sjølve kunstuttrykket er litt framand for oss. Då er det lett å gjera seg fort ferdige med dei. Mitt inntrykk er at ikonet er mala med eit spesielt mål. Dei vil seie noko om trua vår. Dei har ein budskap. Det er på eit vis ei preike. Difor bør me ta litt tid når me ser eit ikon. Kva er det kunstnaren ville seie?

Ikonet de ser bilete av her er kalla «Jomfrua frå Vladimir». Me veit ikkje sikkert når det vart mala, men i 1183 var det tatt med frå Konstantinopel til Kiev. Like etter kom det til Vladimir, der det hang i mange år. I dag heng det i Moskva.

Nå går me mot julehøgtida. Då kunne det passa godt å ta fram eit ikon av Maria og barnet og spørje: Kva var det kunstnaren ville seie oss om barnet som Maria fekk og som me feirar i julehøgtida? Det er lett å tenkje at dette må ekspertane svara på. Det er ikkje for alminnelege folk. Men tolkinga er ei personleg sak. Det er ikkje ei tolking som er rett og ei som er gal. Lat meg likevel peike på eit par trekk i dette ikonet som kan vera verdt å legge merke til.

Når me møter eit menneske er det naturleg å søkje kontakt med auga. Slik òg med dette ikonet. Men kva vil du seie om Maria når du ser auga hennar? Eg kjenner at blikket hennar ikkje søker meg direkte. Det er som om ho er opptatt av noko anna. På eit sett er det noko trist ved blikket hennar. Korleis er dette å forstå? Kan hende kunstnaren vil seie noko om at Maria ber på noko som er hemmeleg og svært verd-



fullt. Ho vil gjerne dela dette med oss. Men det handlar ikkje om henne. Det handlar om noko ho har høyrte og sett. Det er noko som ho sjølv har fått tatt imot. Kan hende det triste handlar om kva som seinare hende i livet. Då ho fekk høyre at ho skulle føda ein frelsar vart ho glad og takka Gud. Seinare fekk ho høyre at han skulle lida og at òg gjennom hennar liv skulle det gå eit sverd. Dette er ei side av Gud som er vanskeleg å skjønna. Når frelsa kjem, kvifor er det då knytt til lidning?

Midt i biletet ser me venstre handa til Maria. Med den høgre handa held ho barnet. Den venstre handa er på eit vis i rørsle. Maria presenterer oss for barnet. Det er som ho seier: Her er han. Det er han som er hovudpersonen. Det er han du skal sjå på. Han er Guds plan. Det er han Gud har gitt meg, og han er gåva til oss alle. Det kan òg tenkjast at handa vinkar. Maria vinkar på oss som ser på. Det er som ho seier: kom

nærare. Du kan få eit betre inntrykk av han. Du kan få sjå han klårare. Han er den same for deg som han er for meg.

Om barnet er det mykje å seie. Me ser lyset i ansiktet hans. Det fortel at himmelen er open og lyset frå Gud skin i ansiktet til frelsaren. Me ser litt av lyset i ansiktet til Maria, men ansiktet til Jesus er bada i lys. Kunstnaren vil med dette seie at barnet er Guds lys. Lyset skal skine for alle menneske. Me skal ikkje gå i mørkret. Barnet held høgre handa om mora si. Det er naturleg for eit barn å halda om mora i kjærleik. Men her er det òg noko kunstnaren vil seie til oss. Slik frelsaren held rundt mor si, slik vil han halde om oss. Det er ei kjærleg barnehand. Det er ein kjærleg helsing frå Gud til alle menneska. Gud som elsker alle menneska har gitt oss son sin til frelse.

Me ser og at barnet er kledd som ein vaksen og håret hans er som håret på ein vaksen. Det er som om kunstnaren vil seie at det er han profetane har tala om. Han er konge, han er profet, han er lærar, han er fredsfyrste, han er Guds under. Så ser me at barnet har uvanleg tjukk nakke og munnen til barnet ligg tett inntil munnen til mora. Den tjukke nakken er eit teikn på at han pustar ut anden som gir liv. Saman med Faderen gir han Den heilage anden til menneska. Frå munnen hans pustar han anden inn i Maria. Ho får del i livet frå Gud, nytt liv, det evige liv. Gud pusta liv inn i det første menneske og han vart ein levande skapning. Jesus pustar Den heilage ande inn i menneska og han gir nytt liv – det evige liv. Han vil òg pusta inn i alle menneske anden som gir liv.

Slik kan me halde fram og studera detaljane. I ikonet er ingenting tilfeldig. Sjå særleg på handa som vinkar deg nærare. Maria har forstått kva Gud vil. Han vil inkludera alle menneska. Barnet er gjeven til oss alle. *For så elska Gud verda at han gav son sin den einborne, så kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.* Joh. 3,16.

Me det vil eg ønskje alle ei riktig god julehøgtid.

Arild Hellesøy

Prost i Hardanger og Voss prosti

# Minnegudsteneste på nyårsaftan

Det har vorte ei god tradisjon med minnegudsteneste på nyårsaftan kl.16:00 i Stamnes kyrkje. Det er ei fellesgudsteneste der me inviterer pårørende til alle som har mist nokon av sin kjære siste året. Gudstenesta er like fullt open for alle. Her kan du finne ei stille stund siste dagen i året og samla tankane. Nokon har òg fleire dei syrgjer over, kanskje knytt til ei grav ein annan stad. Også dei vert inkluderte.

## Gudsteneste med meining

Mange har andre stader vore

vane med ei minnegudsteneste på Helgemessesundag. Det er òg ein fin dag å markere, men eg har erfaring med at nett på nyårsaftan gjev ei slik gudsteneste god hjelp til å seie farvel til det siste året dei kjære levde. Livet må gå vidare inn i eit nytt år. Mange kjenner seg gjerne litt ekstra einsame kring dei store høgtidene.

## Namn og ljøs

Det er ei enkel gudsteneste. Hovudsaka er å lese namna på alle som er gått bort siste året og gravlagd/ jordfesta ved ei av

dei sju kyrkjene i Vaksdal. For kvart namn vil me tenne eit ljøs. Ljøs er sette på ein stor kross i koret. Mellom namnelesinga og ljøstenninga speler organisten eit stykke på orgelet. Til slutt tennast eit ekstra ljøs for dei som har sorga si knytt til nokon som døydde tidlegare år, eller på ein annan stad. Presten talar, og det vert ei kort bøn før velsigning. Under postludiet kan alle som ynskjer det gå rundt altaret og ta presten i handa.

Edvard Bø

*Ja! om nyårsdagen rann  
over jord ein morgonraude  
som igjennom liv og daude  
utan skyiming lysa kan:  
Jesu namn eit nyår vigde  
som vert aldri gamalt at;  
det har ljøs forutan brigade,  
det har dag forutan natt.*

Elias Blix

# Adventstida

## Kyrkjeåret startar no!

Advent betyr kome og er ei førebuingstid for å ta i mot Jesus. Bibeltekstane i adventstida fokuserer på to komer. Den første er då Jesus kom som eit lite barn, den andre er då Jesus skal koma igjen for å skapa ei ny jord. Jula sine bibeltekster peikar på kva det vil sei at Gud vart menneske gjennom sin Son, Jesus Kristus. Juleevangeliet fortel oss at Han kom som eit menneske. Gud vart som ein av oss, fødd som eit barn.

## Lysa aukar i styrke

Adventstida markerer me med å tenna eitt nytt lys på kvar av dei fire sundagane. Det er ein gamal og fin skikk. Lyset aukar i styrke jo mørkare det vert ute og jo nærmare me kjem det store lyset: Kristus som vert fødd i ein stall.

## Viktigare enn gåvene

I adventstida er den liturgiske fargen fiolett, – kyrkjeåret sin botsfarge. Derfor pyntar me med fiolette lys og dukar. Fiolett er også fasta sin farge. Mange markerer adventstida som fastetid. Dei ønskjer å bruka denne tida til å leva eit enklare liv, og å vera saman med andre menneske. Å gje

kvarandre tid, er viktig.

**Første sundag i adventstida** er kyrkja sin «nyårsdag». Då startar eit nytt kyrkjeår. Denne dagen er det den vaksne Jesus som står i sentrum. Preiketeksten fortel oss at han er oppfyllinga av Det gamle testamentet sine profetiar om Messias. Det er han det handlar om, når profeten Sakarja fortel om kongen som kjem ridande på eit esel.

**Andre sundag i adventstida** handlar om at det skal koma falske profetar som med urett kallar seg Messias. Men først når evangeliet er forkynt for alle folkeslag, skal enden koma, det vil sei tida då Jesus kjem synleg tilbake til jorda.

**Tredje sundag i adventstida** er me tilbake til spørsmålet om den vaksne Jesus frå Nasaret verkeleg er den Messias som folk har venta på. Jesus svarar med å peika på kva som hender der han er: Blinde ser og lamme går, spedalske vert reinsa og døde høyrer.

**Fjerde sundag i adventstida** lar kyrkja døyparen Johannes koma til orde. Han seier noko om at han sjølv er uviktig, og at Jesus er den det hele dreiar seg

om. Han er så eineståande, seier Johannes, at eg ikkje ein-gong er verdig til å løysa sandalreimane hans.

## Kva kan heimane gjera i adventstida?

Mange kjøper adventskalendarar med sjokolade eller gåver for kvar dag. Fokus kan då lett bli kva kvar enkelt skal få, ikkje kva ho eller han kan gje. Forventningane til jul kan då også bli borte.

## Her er nokre forslag til alternative adventskalendarar:

Trapp. Lag ei lita trapp med eit ekstra stort trinn for kvart 8. trinn. Dette store trinnet lagar du fire gonger slik at det til saman vert 24 trinn. Lat eit lys eller eit bilde av ein engel følgje trinn for trinn. Når du kjem til dei store avsatsane, som vert lagt til sundagane, set du eitt lys på første, to lys på neste, og så vidare. Til slutt er du komen fram til det 24. trinnet: det er julaftan!

Fest 24 posar på ei snor slik at du kan leggja noko oppi, for eksempel ein eller fleire brikker til eit puslespel, og på julaftan har du eit heilt bilde.

Ein lapp for kvar dag der du skriv ned ein aktivitet som du kan gjere aleine eller saman med andre.



Ein lapp der det står skrive kven du kan gje gåver til, ein som treng noko. Anten kan du laga noko eller finna noko som du har heime.

Ein lapp der det står noko frå ein julesong, så er det konkurranse om å finna ut kva for ein song strofa er henta frå. Syng songen.

## Hyggestund

Ha ei hyggeleg samlingsstund kvar ettermiddag eller kveld. Tenn eit adventslys, et litt god mat eller frukt.

Les eit stykke frå ei adventsbok, dikt eller bibelforteljing. Lær nye advents- og julesongar, eller hent nokon fram frå gløymsla.

Kjelde: Kyrkjeaktuelt.no

# Min salme

I førre kyrkjeblad starta me ei ny spalte som heiter «Min salme». Det var kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf som var opphavet til teksten. Ho utfordra Ingebjørg Dale, og her kjem hennar bidrag:

Då Tone Synnøve utfordra meg på å dela tankar med lesarar av Kyrkjebladet rundt ein salme som eg kunne seia var «Min salme», stussa eg litt. Eg fekk så mange flotte tekstar og melodiar i tankane som er lagra i minnet frå mange samkomer ved ulike høve i livet. Repertoaret mitt inneheld både gamle og nyare salmar.

Ein god del av salmestoffet i Norsk salmebok har overlevd revisjonar og har såleis vore til trøyst og glede i fleire generasjonar. Nye er komne til som er mykje nytta i gudstenesta i dag. Mange av dei er godt likte og vil sikkert bli brukte langt inn i framtida. Ein kan jammen få problem med å velja mellom alt det vakre som finst!

Likevel visste eg snart kva som var «Min salme», slik at eg kunne seia ja. Min salme er «Med Jesus vil eg fara» i Norsk salmebok nr 418. Teksten er av Elias Blix frå 1875. To tonar vert nytta; ein av M. Antwerpen frå 1540, og norsk folketone frå Sunnmøre, som salmeboka har.

–Kvifor nett denne? spør eg meg sjølv.

Jau, fordi denne teksten med tonen til M. Antwerpen er blitt integrert i meg ved tidleg introduksjon og bruk gjennom alle åra i barneskulen. Dagen vart jamt opna eller avslutta med denne. Dei fem versa sit spikra, og er ein naturleg del av dei mange andre tekstane som gjennom flittig bruk er komne «under huden».

I pedagogikken vert dette nemnt som dannelsingsaspekt. Kunnskap og danning går ofte hand i hand. Dette er tilfelle her. Eg ser at Blix har forma denne teksten som eit lærestykke. Salmen handlar om Gud som sende Sonen til jorda for at vi kan verta etterføljarane hans. Salmen er også ei bøn om hjelp, støtte og lys på livsvegen,

med himmelen i sikte.

Etter kvart som vi tileigna oss meir kunnskap i kristenlæra støtta salmeteksten, gjennom Blix sine vakre metaforar og stødige verssmål, opp det vi hadde fått høyrte og forklart.

Teksten har følgt med frå tidleg barndom og fram til i dag. På engelsk heiter «utenatt» «by heart». Vakkert uttrykk!

Eg har fått ny og utvida forståing av teksten etter som tida har gått, men verdet av den tidlege introduksjonen kjenner eg gjer desse versa ekstra dyrebare. Dette er «min salme»!

Denne gode og trygge «skulesongen» vart nytta i gravferdene til far og mor, og sameleis til onkelen vår. Godt å ha ein så formfullendt og konsistent tekst «by heart».

Ingebjørg Dale

Ingebjørg utfordrar Ingrid Leiren til å kome med «Min salme» til neste kyrkjeblad.

## Salme 418

**T: Elias Blix 1875**

**M: Antwerpen 1540/Norsk folketone (Sunnmøre)**

- 1 Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag.  
Gud, lat den samferd vara alt til min døyand dag!  
Det er mi høgste æra, det er mi største røs,  
hans fylgjesvein å vera og vandra i hans ljøs.
- 2 Min Jesus, sannings stjerna, lys opp min mørke veg!  
Mitt hjarta vil så gjerna få fylgja etter deg.  
Du lyser enn i verdi som før frå Betlehem.  
Ver du mitt ljøs på ferdi, til heim med deg eg kjem!
- 3 Min Jesus, gjævast givnad, min eignalut og skatt!  
I all min gang og livnad meg støtt for auga statt!  
Som vesle blomen trugen ser opp mot sol og dag,  
til deg så vender hugen, til deg kvart andedrag.
- 4 Min Jesus, Sarons lilja, bløm fagert opp i meg!  
Lat ingen ting meg skilja og riva bort frå deg!  
Du vin-tre i Guds hage, min kjære Herre Krist,  
unn også meg den lage å veksa som din kvist!
- 5 Du til di grein meg sette alt i min fyrste vår,  
med livsens dogg meg vætte, gav sol og signa år.  
Du vil og vokster gjeva alt til min siste slutt:  
lat meg i deg få leva, i deg få anda ut!

# TÅRNAGENTAR 2013

Nokon har venta lenge på tårnagenthelga som ikkje vart av. Ikkje fortvil. Ho kjem like over nyåret den 3. februar. Då reknar me med fullt hus i Vaksdalkyrkja først med tårnagentaktivitetar på føremiddagen og så gudsteneste på ettermiddagen. Sidan det ikkje vart noko dette året tek vi like godt to årskull i same slengen. Vi vil sende ut informasjon seinare, men hald av dagen de som går i tredje og fjerde klassen på skulen.

## Kva er ein tårnagent?

Tårnagentane er nyskjerrige. Dei inntar kyrkja med lupe og lommelykt for å fravraste ho mange skjulte ting og løyndomar. Du får eige identitetskort og er på lag med andre i å løyse oppdrag frå sjefen.

## Skattejakt

Kva skjuler seg bak spindelvet i tårnet. Kyrkja er gamal. Noko var annleis før. Kva tyder dei ulike fargane grønt, lilla, raudt og kvitt? Eller var det gull og sølv? Skattkista

hjelper oss utforske mange skattar. Det er ikkje gull alt som glimrar, men nokre skattar er meir verd enn gull og edelsteinar.

## Løyndomar

Ein agent må lære seg å halde på løyndomar. Det er ikkje alt som seies høgt. Noko kviskrar me. Noko står med lita skrift på brev med oppgaver som skal løysast. Noko er skjult i symboler eller koder. Kva vil budskapen seie oss? Som de skjønar kan ikkje alt informere-



rest om her på førehand. Slik er det å vere ein agent.. Noko finn du først ut av på plassen. Kvifor er det tårn i kyrkja og kvar kjem klokkene ifrå? Kom så får du høyre.

Me har funne at tida etter jul er beste tida for å ha tårnagenthelg. Då kolliderer det ikkje så lett med uteaktivitetar.

**Helsing Sjefsagenten**

## LYS VAKEN for 11-åringane i januar



Neste års 11-åringar i Dale sokn vert invitert til å overnatte i kyrkja siste helga i januar. Opplegget vert kalla LYS VAKEN, og er eit arrange-

ment som elles i landet for det meste skjer natt til 1. sundag i advent. 2002-modellane i soknet får særskild invitasjon og informasjon om opplegget

like over nyttår. Soknerådet sender denne til dei ein har namn og adresse på. Skulle det likevel skje at nokon i 2002-kullet ikkje får invita-

sjonen er det fint om dei tek kontakt med Kyrkjekontoret.

Lese meir om Lys vaken? Sjå her: [www.lysvaken.no](http://www.lysvaken.no).



## Kirkens SOS

**Vil du bli frivillig medarbeidar på Kirkens SOS kriseteneste?**

**Innføringskurs for nye medarbeidarar på telefon eller SOSchat tek til i februar 2013!**

Vi treng menneske som vil prate med medmenneske som har det vanskeleg.

Oppgåva di er å lytte og tenkje høgt saman med den som tek kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem.

Du får innføringskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er ca. kvar 12. dag, tilpassa din kvardag. Kirkens SOS er ein døgnopen krisetelefon, tilgjengeleg via telefon, SOSmelding og SOSchat.

Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til eigne kriser.

Kursstart 11. februar 2013. Interessert?

Kontakt oss på 55 32 58 45 / 941 83 654,  
bjorgvin@kirkens-sos.no  
eller [www.kirkens-sos.no/bjorgvin](http://www.kirkens-sos.no/bjorgvin)

## Utdeling av NYTESTAMENTE i kyrkjene i Vaksdal

Stamnes kyrkje: Sundag 20. januar kl. 11.00  
Dale kyrkje: Sundag 27. januar kl. 11.00.  
Vaksdal kyrkje: Sundag 3. februar kl. 11.00  
Bergsdalen kyrkje: Sundag 10. februar kl. 11.00

*Nytestamentet vert delt ut til årets 11-åringar*

## Jolekonsert Nesheim kyrkje kl. 15.00 Mo kyrkje kl. 19.00

**Sundag den 9. desember** er det duka for jolekonsertar i Mo og Nesheim kyrkjer. Det er Modalskoret som har hatt eit prosjekt i haust der ein har øvd med tanke på to jolekonsertar, ein i Mo kyrkje og ein i Nesheim kyrkje i Eksingedalen. Kjersti Wiik er dirigent, og i tillegg til Modalskoret vert elevar frå kulturskule og barnekor med. Koret skal mellom anna framføra kantaten "I denne søte juletid", arrangert av Arne Dragsvik.

**Vel møtt!**

# Samarbeid over kommunegrensene

Kyrkja i Vaksdal er ein stor organisasjon å styre, med få faste tilsette. Når det over nyttår vert ferre tilsette å dele oppgåvene på, vert me meir sårbar i høve til sjukdom og ferieavvikling. Interkommunalt, eller «interkyrkjeleg» samarbeid, kan vere løysinga.

Samarbeid over kommunegrensene har vore tema heilt frå kyrkja vart skild ut som eiga verksemd i 1997. Hardanger og Voss prosti strekkjer seg over kommunane Odda, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Ulvik, Voss, Kvam og Vaksdal. Kyrkjevevjerene i prostiet har jamt og trutt hatt samarbeid med kvarandre. Me har fått kunnskapar om dei ulike fellestråda og utfordringane dei har i høve til økonomien. Kyrkjevevjerene har svært ulik bakgrunn og utdanning, og har vore konsulentar for kvarandre i spørsmål om alt frå rekneskap og personaladministrasjon til kyrkjevedlikehald og

gravplassdrift. Dette er tenester som me har ytt til kvarandre utan at me har sendt rekning for dei. Tenestene har stort sett gått begge vegar, og har letta kvardagen vår ved at me har fått løyst problema våre.

No meiner eg at tida er inne for å gå eit steg vidare. Me bør, for å nytte ressursane våre best mogleg, inngå meir forpliktande samarbeid om tenester mellom fellestråda. Slik kommunane har det i dag.

Det finst mange døme på slikt samarbeid i vår region.

Eg har tankar om å få til eit samarbeid med kyrkjekontoret på Voss når det gjeld kon-  
torfunksjonar, og adminis-

trering av kyrkene og gravplassane. Ikkje ved at dei går inn og overtek arbeidet for oss, men ved å stille opp som medhjelparar når det er ferieavvikling eller sjukdom. Voss kyrkjekontor nyttar i stor grad den same programvara for kyrkjegardsadministrasjon og kyrkjebokføring som oss. Ved å ha felles tilgang til registra kan me få hjelp hjå kvarandre når nokon av ein eller anna grunn er borte frå kontoret. Dette er ein arbeidsmåte som vert nytta mange stader. Når staben er liten, er det viktig å sikre seg at fleire kan utføre oppgåvene.

Voss har, på si side, lufta tanken om å få hjelp til for-

valting av kyrkjebygg og gravplassar, og ser for seg eit samarbeid med Vaksdal om det.

Bergen kyrkjelege fellestråd er rekneskapsfører for oss. Det er ei profesjonell teneste med høg kvalitet, som me grunna dei kommunale rekneskapsforskriftene ikkje utan vidare får dei private rekneskapsbyråa til å ta.

Vil dette føre til ei sentralisering, som tek frå oss råderetten over gard og grunn? Eg meiner nei. Samarbeid er, slik eg vil utvikle det, ikkje det same som sentralisering. Samarbeid er å nytte dei ressursane, og nådegåvene ein har, slik at me saman kjem fram til målet. Heilt fram.

**Svein Tøsse, kyrkjevevjerje**

## Juleverkstad på Vaksdal 8. desember

Vaksdal kyrkjelyd trår på ny til med juleverkstad. Det vert som vanleg på Vaksdal bedehus på lørdag 8. desember kl. 11-14. Merk tidspunktet då me i år startar ein time tidlegare enn vanleg. Presten står for andakt.

Opplegget vert som vanleg med at det er bord rundt i salen med mange fine ting ein kan lage til jul. Det du lagar er ditt og du får ta det med deg heim. Det kostar ingen ting. Her er det soknerådet som spanderer. Normalt får du laga ein av kvar ting. Ei lita matøkt vert det òg, så ein skal sleppa å gå svoltne. Det har vorte ein skikkeleg god adventstradisjon dette, og her er det ikkje nokon aldersgrense for å kome. Det som ein lagar skal kunne passe for alle, og om ein er litt usikker så vil det vere nokon ved bordet som viser og hjelper til.

Det kjem folk frå mange plasser i kommunen. Det er ikkje berre for dei som bur på Vaksdal. Om ikkje mor og far har anledning i adventstida, kan ein ha med seg andre som besteforeldre eller onklar og tanter. Hjarteleg velkommen til små og store.

## Adventskonsertar i kyrkjene i Vaksdal

### DALE KYRKJE

#### Søndag 9. desember kl 19.00

Medverkande: Dale musikkforening, Dale mannskor, Kilden, Kulturskuleelevar, Uldis Plepis. Adventstankar.

*Me ynskjer velkommen til eit allsidig repertoar; kraftfullt, lyrisk, rytmisk, vakkert og mektig!*

### STAMNES KYRKJE

#### Laurdag 15. desember kl 16.00

Medverkande: Blanke messing, Stamnes barnekor, Kulturskuleelevar, Hege Eide Vik, adventstankar

*Messingen er pussa, ungane er pynta, røysta er klåra, nyt ei førjulsstemning i ei lun kyrkje, velkommen.*

### VAKSDAL KYRKJE

#### Søndag 16. desember kl 19.00

Medverkande: Gjestar; Unnelandskoret, Vaksdal musikklag, Korskulen i Vaksdal, adventstankar

*Ta vel imot våre tradisjonsberarar og våre gjestar. Nyt ei trivelleg, nyskapande og vakker stund når det lir mot jul.*

### EKSINGEDALEN KYRKJE – VI SYNG JULA INN

#### Søndag 16. september kl 11.00

Elevar frå kulturskulen, Songgruppe frå Eksingedalen, Mari Trefall – fiolin, Asbjørn Nese – song, Olav Arne Steinkopf – orgel, Frode Kvamsøe – adventstankar.

# Har sunge og spela seg gjennom livet



Lars Ragnvaldsen skulle vere eit kjend namn for eit fleirtal av innbyggjarane i Vaksdal, slik han nok og er det i nabokommunane Modalen og Voss.

Jamvel i Bergen vil mange nikkje attkjennande til namnet hans. For dei er mange, alle dei han har spela og sunge for – eller dirigert. Song og musikk har vore ein stor del av Lars sitt liv. Han vaks opp i Centralkirken, like nedanfor Fløibanestasjonen i Bergen, med foreldre og tre brødre. Lars fylte 68 år i sommar og er pensjonist no, men er like engasjert som før.

## Korleis byrja den musikalske livsvegen for deg?

-Faren min var organist i Centralkirken. Sjølv byrja eg å spele fiolin, men gjekk over til trompet etter at fiolinspeling gav meg plager i aksla. Då eg var 10 år fekk eg undervisning i orgel og trompet, og hadde då allereie vore korgut i Laksevåg eit par år.

Faren til Lars var og tilsett som organist i NRK, og spela konsertar og til salmane i radioandakten. Lars var såkalla «bladlus» for faren. Det vil seie at han bladde i notesidene etter kvart som faren spela seg gjennom musikkstykkja. Denne oppgåva førte han mellom anna til konserthuset i København. - Litt av ei oppleving, seier Lars. Han var og lenge med og spela trompet då faren spela orgel.

I 1963 byrja Lars på songpedagog-studier. Same året vart faren alvorleg sjuk, og Lars vart kasta inn i oppgåva som hans vikar. Då faren døydde i januar året etter

bestemte Lars seg for å bli organist.

-Eg byrja å studere orgel i tillegg til song, songutdanninga vart eg ferdig med i 1967, orgelutdanninga året etter, seier Lars. Frå 1963 til 64 var han organist i Nykirken før han hadde to år i Bodø i samband med fyrstegongsteneasta – der han fekk høve til å spele orgel i Domkyrkja.

- I 1967 søkte eg stilling som organist i Vaksdal. Den jobben fekk eg ikkje, men vart tilboden eit vikariat i ei deltidstilling i kommunen. Då eg hadde gjort ferdig studia vart denne stillinga fast. Men det var ei lita stilling, og sjølv i kombinasjon med ei stilling som musikk lærar på Dale skule vart det for lita stilling. Då eg var ferdig utdanna som kantor i 1972 fekk eg framleis ikkje full stilling i Vaksdal, men det fekk eg i Bergen.

I 1976 søkte Lars på nytt arbeid i Vaksdal. Då fekk han full stilling, og hadde i tillegg ei lita stilling på Dale skule og dirigerte Postkoret i Bergen – eit kor faren og hadde dirigert i si tid.

Dale Mannskor har vore sentralt i Lars sitt liv i 43 år. Han byrja å dirigere dei i 1967, og har helde fram med det til no – berre avbrote av Bergensopphaldet hans på 70-talet. Då han var organist i Vaksdal var dette ein del av stillinga hans. Lars dirigerte og kor med ungdomsskuleele-

var på 70-talet og hadde barnekor i Dale kyrkje på 80-talet

Lars har vore engasjert i korarbeidet i Hordaland i mange år, og var med og starta korkonkurranse «Syng med oss» i Bergen. Han var og med og starta Collegium Musicum i Bergen i 1978, og var dirigent der det fyrste året.

Lars og Dale Mannskor var med i både regionale og nasjonale konkurransar, og i 1982 vart dei kåra til beste kor, uansett klasse. Etter å ha vore med på mange korkonkurranse valde koret heller å søkje opplevingar ved å reise. Reiseverksemda til Lars og mannskoret kan ein lese om i førre nummer av Kyrkjebladet for Vaksdal.

4 innspelningar av LP- eller Cd-plate har Lars og koret vore med på. Saman med dei og andre har Lars vore med på ei rekke med radio- og TV-gudstenester - fyrste gongen var då han som tiåring song i den radiosendte julegudsteneasta frå Korskirken i Bergen. Og mannskoret hadde årlege konsertar i NRK i ein tiårsperiode frå midten av 80-talet. Lars i bokform finn ein i bøkene som er gjeve ut om Dale Mannskor og Fossegripen.

Song har alltid vore viktig for Lars, ikkje minst å få andre til å synge: - Når ein tenkar og underviser pedagogisk kan ein få folk til å oppdaga at dei verkeleg kan synge.

Salmesongen står han nært. – Salmesongen er det flottaste når kyrkjelyden er samla, for der er alle med. Etter at me sist fekk ny gudstenesteliturgi i 1977 vart salmesongen betre her hjå oss. Øving er viktig, seier Lars, som då han var organist på Voss øvde med brudepar, konfirmantane og foreldra før dei store dagane dei skulle ha i kyrkja. Mannskoret song jamnleg i kyrkjene i Vaksdal, og har vore med å lyfte salmesongen i gudstenestene.

Lars var med og starta Vaksdal musikk skule i 1985, og var lærar der i mange år. Det var fast med ein tur i Modalen og Eksingedalen kvar måndag. Mellom dei han underviste i orgelspel var det fleire som held fram med å spele aktivt etterpå, til dømes Frode Vik, Jon Straume og Øystein Steinsland frå Modalen.

Lars er gift med Marion frå Dale, og har budd på Stanghelle sidan 1977. Før det har dei budd både på Tippen og i Dalseiddalen på Dale – og nokre år i Bergen. Lars og Marion Dei har 3 born og 8 barneborn.

## Mykje av arbeidet har du utført når andre hadde fri?

- Ja, det er klårt at familien har merka det når eg var vekke i helger og høgtider. Til





Lars Ragnvaldsen ved orgelet.

dømes gjekk det 48 år utan at eg hadde fri på julaftan. I fjor var fyrste året eg hadde fri, og då reiste me til dottera og familien på austlandet. I år skal me vere heime, seier Lars. Og legg til at dei siste åra har han freista å ta att noko av det forsømte med å reise på tur saman med heile storfamilien.

#### Kva med fritida no?

- Eg likar å gå i fjellet, og å fiske i sjøen. Me har fått særleg mykje fisk i år, har ikkje fått så mykje sidan gutedagane. Elles har familien hytte i Bergsdalen som vert nytta mykje. - Dagane går no ein del med til å rydde i papir og noter, samt å ta seg god tid til å lese avisene. Marion har og blitt pensjonist no, men det er ikkje vanskeleg å fylle dagane våre. Lars har dei seinare åra fått slitasjegikt i hendene. - Det hemmar litt, men eg er van med å leve med smertene.

Lars har framleis pianoelvar, og er som vikar å rekne

for kantorane i Vaksdal. Til dømes skal han spele i den eine konfirmasjonsgudsteneista på Dale til våren.

#### Adventstida vert og travel?

- Dale Mannskor startar «sesongen» allereie i november, og skal elles som vanleg syngje på Dalepensjonistane sitt julemøte. Lars skal i tillegg vere med å syngje Händels Messias på Voss. - Det er stort å få vere med å syngje den, seier han.

#### Kva har vore drivkrafta i engasjementet ditt, Lars?

- Trua mi. Ho har fylgd meg sidan eg gjekk på sundagsskulen i Sentralkirken, der me var 400 born kvar sundag. Evangeliet om Jesus er viktig.

Intervju/tekst:  
Frode Kvamsøe

#### Underviste Frida Amundsen

Lars har og hatt Frida Amundsen som elev. På si fyrste CD, September blue, takkar ho mellom andre Lars, «som tok seg tiden til å lære meg å spille og syngje».

#### Litt meir om Lars:

Organist/kantor på Voss frå 1996 Til 2011, i Vaksdal frå 1967, i Bergen nokre år på 60- og 70-talet.

Dirigert Dale Mannskor sidan 1967 avbrote av tre år på 70-talet, Postkoret i Bergen 1967-94, i kortare eller lengre tid for Mannskoret Brage, Breistein Mannskor, Nykirkens menighetskor, og Nygård kirkekor.

Dirigert orkesteret Fossegrimen på Voss, samt VOK (Voss og omland kantori).

I 2006 vart Lars tildelt Kongens fortienstmedalje.

I søknaden står det mellom anna:

«Gjennom heile perioden har han vore ein pådrivar og ein berebjelke i det lokale musikklivet generelt og for korsongen spesielt.»

## Konfirmant-Alpha

Alpha er ei undervisningsform med tre kjende element som er sett saman; undervisning, mat og samtale. Dette opplegget er og lagt til rette for konfirmantane, og i vinter er konfirmantane i Vaksdal, Dale og Stamnes sokn saman ni torsdagskveldar og to lang-laurdagar.

Åshild Rene tok seg av undervisninga nett denne torsdagen, men om lag 8 leiarar delar på denne oppgåva.



## Konfirmantane på nattcup i fotball

I midten av november var konfirmantane med på Nattcup i fotball i Bergen. Arrangør var Norges KFUK-KFUM, og cupen samla om lag 400 konfirmantar og andre ungdomar frå Bergen, Vaksdal og Voss. Deltakinga var frivillig, og 32 av våre konfirmantar var med. Me stilte med to gutelag og to jentelag, og tre av dei kom til kvartfinalen. Dei møtte våre to jentelag, og etter 0-0 ved kampslutt vart det heile avgjort med straffesparkkonkurranse som jentelag 2 gjekk seirande ut av. Desse vart så slått ut i semifinalen, etter eit 0-1 tap. Innimellom kampene spela «vennskapskamp» mot kvarandre, gitar mot jenter – og der jentene vant den eine kampen.



Dette laget kom lengst i nattcupen i år: Framme frå venstre: Guro Hesjedal, Andrea D Skjerveggen, Synne Ragnvaldsen. Bak frå venstre: Julie B Ulveseth, Olivia Faugstad og Charlotte K Fotland.

### Herrens bøn

Vår Far i himmelen.  
Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda  
slik som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld,  
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.  
Og lat oss ikkje koma i freisting,  
men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt og makta og  
æra i all æve.

Amen.

## Gudstenestereforma

Ny gudstenesteordning er på full fart inn i gudstenestelivet vårt. Den nye ordninga er utprøvd vedteken og er gjeldande frå nytt kyrkjeår – altså første søndag i advent. Me er då i ei tid med lysmesser, adventskonsertar og «vi syng jula inn» samlingar. Den første ordinære gudsteneste der ein vil merke endringa særskild vert 1. juledag. Høgtidsgudstenesta som er felles for Dale, Stamnes og

Vaksdal vert feira i Stamnes kyrkje. Eg trur at mykje vil vere kjent, men gjerne litt annleis. Noko av det som er annleis er sjølve starten på gudstenesta med informasjon og stille før ein tek til, og me vil ta i bruk den nye Herrens bøn; «Vår Far i himmelen». Det er berre å byrje å øve på den. Involvering av medarbeidarar som medliturgar er noko som ein kanskje vil legge merke til, og dette er



noko av det som er viktig i den nye reforma; deltaking. Alle er hjarteleg velkomne til å vere med å feire den store høgtida, og få kjenne på den nye liturgien.

## Nattverd

Nattverd, i den nye reforma, vil verte gjennomført både som kneling ved altar og som intinksjon – det tyder å dyppe oblaten (brødet) i vinen. I kyrkjene i Vaksdal er oblatane glutenfrie og vinen utan alkohol. Ein ynskjer å legge til rette for at flest mogleg kan delta barn, unge, vaksne, eldre, og allergikarar.

# Sigrid til Brasil

Den 25. oktober letta flyet frå Gardermoen og sette kursen mot Brasil og byen Santos. Eit nytt land, språk og ein ny kultur var det som venta. 4,5 månad i ein storby i Brasil. Der skal eg jobbe på eit dagsenter, i ein og forhåpentlegvis lære litt portugisisk. Eg ser fram til eit spennande år.

Dette året tilbringer eg i Hurdal, på Gå Ut Senteret (GUS). Dette er ein misjons-skule som tilbyr linjene Global Disippel, Fight in Action og Praktisk Missologi og Bistand. Eg går linja Global Disippel. Dette er ei linje som tilbyr praksis i mange ulike land (Uganda, Senegal, Ecuador, Kambotsja, Nepal, Bolivia og Brasil). Eg og mitt team skal vere globale disiplar i Brasil.

Opplegget på GUS er delt i 3; førebuing, praksis i utlandet i 4,5 månad og bearbeiding og refleksjon. Før vi reiser får vi undervisning som er retta til kva det vil sei å vere ein disippel og korleis ein skal kommunisere interkulturelt. Vi arbeidar også mykje i team slik at vi blir kjende med dei vi skal reise saman med. Når vi kjem heim får vi hjelp til å bearbeide det vi har opplevd. Vi skal også reise rundt til m.a. vidaregåande skular og fortelja kva vi har opplevd og inspirere andre til å gå på GUS.

## Teamwork

Mykje av opplegget på GUS går ut på at vi skal jobbe saman i team for å lære kvarandre å kjenne, kunne samarbeide og takle utfordringar saman. Dette er viktig fordi vi reise ut som eit team.

Vi er 5 jenter som skal reise til Brasil saman. Der skal vi arbeide i ein kyrkjelyd som fungerer som eit dagsenter i



Sigrid med det brasilianske flagget.

Foto: Privat

vekene og som ei kyrkje i helgene. Kvar dag kjem det mange ungar til senteret. Vår oppgåve er å leike med dei, aktivisere, lære dei engelsk og vise at vi er der for dei. I helgene skal vi hjelpe til med kyrkjelydsarbeid. Etter jul skal vi arbeide på ein "kidscamp".

Mykje av arbeidet går ut på å arbeide med born som ikkje har det så lett, nokre er heimlause, medan andre ikkje lever under så gode forhold heime.

## Utfordringar

Det vanskeligaste kan vere det at vi ikkje klarar å kommunisere med borna som kjem til dette senteret. Vi kan ikkje mykje portugisisk og dei kan ikkje mykje engelsk. I byrginga kjem det til på bli ein god del kommunisering med kroppspråk.

Kulturen, at alt er så annleis enn det vi er vane med, kan også bli ei utfordring. Vi må tilpasse oss kulturen vi kjem til,

og kan ikkje berre gjere ting på den måten vi vil. Vi kan ikkje berre komme til eit nytt land og forvente at dei skal vere slik som oss, no er det vi som er minoriteten og vi må rette oss etter det. Dette har vi snakka mykje om i undervisninga vi har hatt.

## Kvifor lokkar Brasil?

Eg har lyst å oppleve eit annleis år og bety ein forskjell. Då eg fekk høyre om GUS og dette tilbodet, tenkte eg at dette var perfekt for meg. Eg har alltid hatt lyst til å reise, og Brasil har vore ein stad eg har villa besøke. Samstundes som eg får reise og oppleve ein anna del av verden, kan eg også vere med å hjelpe, vise omsorg for andre og for kvarandre, kan vi vise at Gud er god. Gjennom dette året har eg lyst til å blir meir kjend med Gud og meg sjølv. Eg trur dette året vil hjelpe med til å få eit større perspektiv på livet.

## Forventningar

Eg er veldig spent. Gledar meg til å oppleve ein ny kultur og lære nytt språk. Eg trur nesten ikkje det har gått opp for meg at eg skal til ein anna del av jorda, å vere så langt vekk frå Noreg. Eg gledar meg til å oppleve ein ny kultur, men det kan også bli utfordrande og tøft på mange måtar. Vi kjem nok til å sjå og oppleve ting som skaper sterke inntrykk i oss. Sjølv om vi har fått veldig god undervisning på GUS på førehand, kjem vi til å oppleve ting som blir vanskelig å takle.

I tillegg er vi langt heimafrå. Spesielt i juletida kan dette bli vanskelig. Saknet etter familie og vener kjem til å merkast. Det blir ikkje pinnekjøtt, juletre og snø. Det blir nok annleis å oppleve brasiliansk jul.

**Sigrid Nese,  
Brakestad,  
men for tida Brasil!**

## Kyrjekontoret utan sekretær

Kyrjekontoret vert utan sekretær frå nyttår, og må redusere på opningstida.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd må vente med å tilsetje ny medarbeidar på kyrjekontoret når Jorunn Våle Tonckens sluttar til nyttår.

Grunnen er at dei kommunale overføringane ikkje er store nok til å dekkje alle utgiftene, og tenestetilbodet vårt må reduserast.

Ved å utsetje ny tilsetjing, eller i verste fall leggje ned stillinga, klare me å halde utgiftene innafør rammene som me får frå kommunen.

Dette er ein situasjon som er vanskeleg å handtere, og det vert drøfta fleire ulike løysingar. Sokneprest Edvard bø kjem til å flytte kontorstad frå prestebustaden på Vaksdal til Kyrjekontoret ein eller to dagar for veka, og saman med sokneprest Frode Kvamsøe og kyrkjeverja må dei prøva å dekkje oppgåvene så godt som råd er. Nokre av sevice-funksjonane som kontoret har ytt i høve til sokneråda fell bort. Me håper at dei som tek kontakt i den reduserte opningstida, skal få hjelp likevel. Me vil alltid ta oss tid til å hjelpe dei som har ærend hjå oss.



## Konfirmantjubleum



50-årskonfirmantar i Dale kyrkje 7. oktober, konfirmert i Dale kyrkje 16. september 1962  
1. rekke frå venstre: Jorunn Stokke, Birgit Irene Sæterdal, Else Berit Helle, Kirsten Grøsvik, Eli Holdhus, Aud Jorunn Berge Fadnes. 2.rekke: Ragnhild Sagstad, Klara Sandvik, Turid Marie Tollesfens, Elna Hesjedal, Norunn Barli, Anne Irene Norum Dyvik, Jostein Lid. 3.rekke: Asbjørg Hesjedal, Tove Danielsen Verpelstad, Aase Dankertsen Soltvedt, Arnhild Vågen Furubotn, Bjørg Sofie Faugstad, Sylvi Rønhovde Boge, Randi Kvamme Bolann. 4. rekke: Berit Wolf, Kari Dale Vaksdal, Bernhard Solberg, Arne Straume, Signy Irene Haug Dominguez, Aud Karin Sæterdal, Kjell Johansen. 5.rekke: prostiprest Magnar Haaland, Arvid Eik, Inge Martin Hesjedal, Edvard Kleven.



60-årskonfirmantar i Dale kyrkje 7. oktober, konfirmert i Dale gamle kyrkje 28. september 1952  
1.rekke frå venstre: Sverre Langhelle, Ester Sellevold, Kirsten Thaule Lund, Ellinor Birkeland. 2. rekke: Prostiprest Magnar Haaland, Arne Verpelstad, Odd Alvheim, Egil Haug, Lodin Rødland.

**HVOR STOR  
VARMEPUMPE  
TRENGER DU  
EGENTLIG?**

GRATIS  
BEFARING  
55 200 201  
Ring i dag!

Ulike boliger trenger  
Ulike løsninger.

**Godt & Varmt**

Hardangeveien 20, salg@godtogvarmt.as, www.godtogvarmt.as

**ARNPRO** 

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

 **Liv Anne's AS**

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

 **Opningstider:**  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale


5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**SÆTERDAL  
ELEKTRO**

Me leverer alt innan elektrika-  
tenester, også varmpumper.  
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

 **VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
*Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar*

Ann-Elin Mjelde Gullbrå  
Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

**Ve vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

**HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?**

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

**GRAVMINNER**



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

  
**STEINRIKET  
DALE AS**

• Navntilføyerler • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

# Takk for meg!

Dersom du har sett ei vaksen dame i brun regnkåpe koma småspringande frå Dale sentrum mot stasjonen kl. 15.50, er sjansen stor for at dette er sekretæren ved kyrkjekontoret. Frå 1. januar planlegg ho å ta trimturen heime på Voss. Kyrkjebladet nyttar høvet til å ta ein prat med Jorunn Våle Tonckens.

## Kva har vore dine viktigaste oppgaver ved kyrkjekontoret?

- Å møta dei som kontaktar kyrkjekontoret; ved personleg oppmøte, via telefon eller e-post. Elles har eg prøvd å halda styr på avtalar og papir, ta meg av førefallande kyrkjekontorarbeid og intervjuar meg sjølv til kyrkjebladet.

## Har arbeidet endra seg i dei 5 åra du har vore her?

- Det skjer mange spanande endringar i kyrkja for tida. Frå mitt arbeidsfelt kan eg nemna kyrkja sitt elektroniske medlemsregister som eit framsteg. No vil borna som vert døypte og dei som melder seg inn og ut av kyrkja få medlemsstatusen sin oppdatert med det same me trykkjer på knappen her i Vaksdal.

## Kva har du sett pris på som sekretær ved kyrkjekontoret?

- Møtet med folk som har vore i kontakt med kyrkjekontoret, som dåpsforeldre, gifteklare, sokneråd og andre. Er også glad for samhaldet i staben. Det er godt å merka at dei tilsette har eit engasjement for arbeidet sitt. Dei er også trivelege personar som eg er vorten glad i.

## Har du eit spesielt godt minne frå desse åra?

- Det å få syngja Bjerkrheim-jazz (på fritida, vel å merka) saman med Kilden og kantorane Steinkopf med fleire blinkar seg ut som eit svært godt minne.

## Kva inntrykk har du fått av folk i Vaksdal kommune?

- Dei er utruleg flinke til å klaga! Har fått ein del telefonar frå folk som vil klaga på ting, og mange har hatt gode grunnar til dette. Opplever likevel at det går an å prata om ting på ein høfleg og grei måte, og avslutta samtalen i ein god tone. Dette har imponert og gledd meg. Har opplevd folka i Vaksdal som omgjengelege, opne og trivelege.

## Fellesrådet har bestemt at dei ikkje vil lysa ut stillinga når du sluttar. Kva tenkjer du om dette?

- I denne saka er eg neppe objektiv. I utgangspunktet skulle eg ynskja at kyrkjekontoret fekk ein ny sekretær. Eg trur stillinga har ein viktig servicefunksjon. Når dette er sagt, er eg også glad for at kyrkjevevja og fellesrådet nyttar høvet til å vurdere ulike løysingar. Kyrkja som organisasjon er i endring. Kanskje er det større trong for ein annan type kyrkjestilling i Vaksdal framover?

## Kva planar har du framover?

- Eg held fram i ei lita kontorstilling i Lundhaugen barnehage. I tillegg ser eg meg om etter anna arbeid innan service/butikk/kontor på Voss. Håpar også på å få litt meir tid til hobbyane mine når eg får kortare veg til arbeid.

- Til slutt vil eg gjerne få takka for meg, og ynskja Guds signing over alt kyrkjelydsarbeidet i Vaksdal!

## Frys du???

### AO-senteret KF kan hjelpa deg med:

- Ved
- Tøva tøflar
- Ullsjal / Halsar
- Pulsvarmarar
- Babyteppe

### DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN

Opningstider: 7.30 - 15.00  
Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no  
ao-senter@vaksdal.kommune.no



Dale of Norway  
56 59 54 00



## Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**



**NorDan**

Bytt til meir energisparande vindauge og merk forskjellen i vinter!

Vi utfører alt innan nybygg og rehabilitering.

Tlf. 477 50 467 og 481 44 680

## UTFØRER ALT INNEN TØMRERARBEID

BYGGMESTER  
FRED BJØRNBERG AS



Tlf. 56 59 78 88  
fred@vaksdalnet.no

# SLEKTERS GANG

## DØYPTE



### Dale

30.09.2012	Jacob Arnesen (døpt i Loddefjord kirke)
07.10.2012	Isak Hesjedal-Eliassen
07.10.2012	Mathilde Johanne Gjerme Eriksen
04.11.2012	Annabell Moe Gregersen

### Stamnes

21.10.2012 Ida Vik-Kaland

### Vaksdal

30.09.2012	Sondre Skare Elvheim
30.09.2012	Olivier Laskowski Czajkowski
10.11.2012	Emilie Amundsen-Solberg

## VIGDE



### Vaksdal

10.11.2012 Christine Bakke Amundsen og Einar Solberg

## DØDE



### Dale

31.08.2012	Anny Vare	f. 1917
02.09.2012	Kristi Helena Viksund	f. 1914
23.09.2012	Jan Myrliid	f. 1950

### Stamnes

23.10.2012	Aksel Martin Eide	f. 1927
05.11.2012	Ingolf Helland	f. 1939
06.11.2012	Lilly Ingeborg Kulshamar	f. 1922

### Vaksdal

18.09.2012	Nancy Helle	f. 1929
25.09.2012	Astrid Tonstad	f. 1924
09.10.2012	Elsa Knutsen	f. 1939
23.10.2012	Johnny Eide	f. 1952

# VELKOMEN TIL KYRKJA

## Sundag 2. desember

1. søndag i adventstida Matt 21,10-17

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Utdeling av 4/6årsbok.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til kyrkjelyds/konfirmantarbeid.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til Kirkens Nødhjelp.

DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Offer til Blå Kors Bergen.

## Sundag 9. desember

2. søndag i adventstida Joh 16,21-24

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe.

Offer til Sjømannskyrkja.

EIDSLAND KAPELL kl. 16.00. Lysmesse. Edvard Bø. Offer til kyrkjelyds/konfirmantarbeid.

## Sundag 16. desember

3. søndag i adventstida Joh 5,31-36

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Vi syng jula inn. Elevar frå kulturskolen, Songgruppe frå Eksingedalen, Mari Trefall, Asbjørn Nese, Olav Arne Steinkopf, Frode Kvamsøe. Offer til kyrkjemusikalsk arbeid.

## Sundag 23. desember

4. søndag i adventstida Matt 1,18-25

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

## Måndag 24. desember

Julaftan Luk 2,1-20

NESHEIM KYRKJE kl. 12.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Offer til Kirkens SOS.

STAMNES KYRKJE kl. 13.30. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

DALE KYRKJE kl. 15.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

EIDSLAND KAPELL kl. 16.15 Vi syng jula inn.

## Tirsdag 25. desember

Juledag Joh 1,1-14

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Nattverd. Bø og Kvamsøe. Offer til Det Norske Misjonsselskap. Forsongarane møter kl. 10.00.

(Lista held fram på neste side)

# KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten



(Lista startar på side 15)

**Onsdag 26. desember**

Stefanusdag/2. juledag Joh 16,1-4a

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø.

Offer til Kirkens SOS.

**Sundag 30. desember**

Romjulssundag Luk 2,25-35

Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Måndag 31. desember**

Nyårsaftan Matt 11,25-30

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Minnegudsteneste for heile kommunen. Edvard Bø.

VAKSDAL KYRKJE kl. 23.15. Midnattsmesse. Edvard Bø.

Offer til HimalPartner.

**Tirsdag 1. januar**

Nyårsdag Matt 18,19-20

Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Sundag 6. januar**

Kristi openberringsdag Joh 12,42-47

DALE KYRKJE kl. 11.00. Hovedgudsteneste. Nattverd. Frode Kvamsøe.

Offer til Det Norske Misjonsselskap.

**Sundag 13. januar**

2. søndag i openberringstida Joh 1,29-34

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Hovedgudsteneste. Nattverd. Edvard Bø.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Hovedgudsteneste. Nattverd. Frode Kvamsøe.

**Sundag 20. januar**

3. søndag i openberringstida Joh 1,15-18

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Nattverd. Edvard Bø.

Utdeling av NT.

**Sundag 27. januar**

Såmannssundagen Matt 13,24-30

DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Nattverd. Frode Kvamsøe.

Offer til Bibelselskapet. Lys Vaken-helg med utdeling av NT.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Hovedgudsteneste. Nattverd. E. Bø.

**Sundag 3. februar**

Kristi forklåringsdag Luk 9,28-36

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Nattverd. Edvard Bø.

Utdeling av NT. Tårnagent.

**Sundag 10. februar**

Fastelavnssundag Luk 18,31-34

**NB: Disse gudstenestene kan bli flytta til annan dato**

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Nattverd. Frode Kvamsøe. Årsmøte.

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Hovedgudsteneste. Nattverd. Edvard Bø.

**Sundag 17. februar**

1. søndag i fastetida Matt 26,36-45

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Frode

Kvamsøe. Offer til Sjelesorgsenteret Haraldsplass. Årsmøte. Kyrkjekaffi.

**Sundag 24. februar**

2. søndag i fastetida Luk 13,22-30

VAKSDAL BEDEHUS kl. 11.00. Felles storsamling. Frode Kvamsøe.

**Sundag 3. mars**

3. søndag i fastetida Luk 22,28-34

Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Sundag 10. mars**

4. søndag i fastetida Joh 6,24-36

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Hovedgudsteneste. Nattverd. Edvard Bø.

Årsmøte.

**Sundag 17. mars**

Maria bodskapsdag Luk 1,39-45

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Hovedgudsteneste. Nattverd. Edvard Bø.

Årsmøte.



# Bunad og stakkastove as

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsøle*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*www.bunadogstakkastove.no*